

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	22.03.2022
Vår referanse	2022/12450-5
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Sigrun Wølstad
E-post	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
Telefon	96944535

Kulturminnefagleg fråsegn - Søknad om bakkeplanering / jordtipp gnr. 99, bnr. 4 - Alver kommune

Vi viser til brev datert 02.02.22 samt søknadsdokumentasjon mottatt 15.02.22, i samband med bakkeplanering/jordtipp på gnr. 99, bnr. 4. Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde. Vi beklagar seint svar i saka.

Vi har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne innanfor tiltaksområdet. På delar av tiltaksområdet og like aust for dette (gnr. 99., bnr. 1), ligg eit uavklart funnområde med gjenstandar frå ulike arkeologiske periodar (Askeladden id. 244087). Funna er gjort i jordhaugar etablert etter gravearbeid føretatt på og rundt veg til gnr. 99 og bnr. 4, og i samband med hagearbeid på gnr. 99, bnr. 4.

På bakgrunn av funnmengda i området ville vi normalt vurdert ei synfaring, for å ta stilling til om det ville vere naudsynt med ei arkeologisk registrering etter §§ 3 og 11 i kulturminnelova. Vi ser at tiltaket allereie er utført, dette er beklageleg då vår moglegheit for å vurdere området i forhold til kulturminnelova er vesentleg redusert. Vi har difor ingen avgjerande merknadar i saka.

Vi ber om å få tiltak oversend til vurdering, før dei blir gjennomført.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KII - Arealplan (Førde)

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar
KII - Arealplan (Førde)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift